

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 06.10.2008
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 23.05.08 - 03.10.08**

Styresak 082/08 O

Styremøte 17.10. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 10

Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 23.05.08 – 03.10.08

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om medisinsk og helsefagleg forskning.	20.06.08	Regulering av helsefagleg og medisinsk forskning blir samla i ei lov, og forskarar vil i hovudsak berre måtte halda seg til ein instans – dei regionale komiteane for medisinsk forskningsetikk. Det blir stilt krav til organisering av forskinga og til openheit om resultat og finansieringsforhold. Lova fastset viktige prinsipp som skal leggest til grunn ved all medisinsk og helsefagleg forskning. Før lova kan tre i kraft skal det bli utarbeidd forskrifter som mellom anna vil stille nærare krav til organisering og saksbehandling i dei regionale komiteane for medisinsk forskningsetikk.
Lov om endringar i pasientrettighetsloven og psykisk helsevernloven	22.08.08	Endinga gjeld utviding av pasientombodsordninga til også å gjelde kommunale helse- og sosialtenester. Endinga trer i kraft frå den tid Kongen fastset.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 23.05.08 – 03.10.08

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om rett til dekning av utgifter ved pasienters reise for undersøkelse eller behandling (Syketransportforskriften)	11.07.08	Ny forskrift med merknadar trer i staden for tidlegare forskrift av 19.12.03 nr 1756 og tilhøyrande rundskriv. Forskrifta legg vekt på å vidareføre etablert praksis og rettar frå tidlegare regelverk. I tillegg blir det i forskrifta trekt nokre klare grenselinjer der regelverket tidlegare var uklart. Regelverket er også i nokon grad blitt harmonisert med spesialisthelsetenestelova. Det nye regelverket trer i kraft frå 1. september 2008.
Forskrift om endring i forskrift om barns opphold	11.07.08	Endingane må sjåast i samanheng med ny sjuketransportforskrift og inneberer berre oppdatering av heimelstilvisingar og er ikkje av materiell karakter. Endingane

i helseinstitusjon.		trer i kraft frå 1. september 2008.
Forskrift om endringar i prioriteringsforskrifta.	29.07.08	Ny ventetidsgaranti for barn og unge med psykiske eller rusrelaterte lidingar. I kraft frå 1. september 2008. Ventetidsgarantien skal sikre at ingen med rett til nødvendig helsehjelp skal vente meir enn maks 65 virkedagar på behandling, og alle får rett til vurdering innan 10 virkedagar.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 23.05.08 – 03.10.08

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF 6. juni 2008	06.06.08	Føretaksmøte for behandling av årsrekneskap og årsmelding, godtgjering til revisor, årleg melding samt presisering av resultatkrav for 2008.
Føretaksmøte i Helse Vest RHF 27. juni 2008.	27.06.08	Føretaksmøtet behandla sak vedrørande sjukehusbarnehagar. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest sørgjer for at helseføretaka søkjer å finne løysingar som gjer at det ikkje bidrar til at talet på barnehageplassar minkar i kommunar der dei trengst for å nå full barnehagedekning.
Oppdragsdokument 2008. Tilleggsdokument etter behandlinga av St.prp. nr. 59 (2007-2008) i Stortinget.	04.07.08	I brevet er det gitt ei utdjuping/presisering av krav i Oppdragsdokumentet for 2008 på grunnlag av behandlinga av St.prp. nr. 59 (2007-2008) i Stortinget.
Føretaksmøte i Helse Vest RHF 8. september 2008.	08.09.08	Føretaksmøtet behandla sak vedrørande kompetanse til å avgjere lokalisering av nasjonal eining for enkeltoppgjjer for pasienttransport. Føretaksmøtet gjorde vedtak om at eigar vil vedta lokaliseringa.